




Klausabakken barnehage

Visjon - Ein god start for alle; Klausabakken barnehage er ein lærande arena for sosial kompetanse, språk, leik, meistring og medverknad.



Dagens organisering



Kapasitetsutnytting

Barnehageår	2017	2024
Barn under 3 år	55	52
Barn over 3 år	74	76
Total tal barn	129	128
Godkjent leike- og oppholdsareal*	579,9 m ²	
Nytta areal	575,8 m ²	579,6 m ²
Ledige tal plassar, areal (gjennomsnitt)**	4,1	0

*Barn under tre 5,3 m², store barn skal ha 4,0 m². **I utrekningane er det rekna gjennomsnitt areal plassar 4,65

Bemannning 2024

Årsverk leiarressurs	200%
Årsverk pedagogisk leiar	1550%
Annan grunnbemannning	1820%
Median alder, tilsette	40,4
Kompetansebehov – Kva manglar me?	



Grunnbemanning


Bemanningsnorm	2017	2024
Tal barn per vaksen (norm 6)	6,5	5,3

Pedagognorm

Pedagognorm	2017	2024
Tal barn per pedagog (norm 14)	13	11,7

Økonomi

Netto driftsresultat 2023	18 715 415,-
Netto driftsresultat 2024	20 054 267,-



*Gjennomsnitt kostnad per barn i 2024

Bygningsmasse

Byggjeår	2017		
Bruksareal	1419 m ²		
	Male overflater inne og noko oppgradering ute, eks solskjerming og leikeapparat, støydemping i "gapahuken" i bakken		
	Teknisk tilstand	Funksjonelt eigna	Tilpassingsdyktig

Fargekodane er henta fra tabell 3-3 rapport fra Multiconsult: Barnehage- og skolebruksplan Voss herad

Andre tilhøve

Reiseveg til Vossevangen	1,3 km	3 min.
Særlege tilhøve ved barnehagen		

1 Det er nyttet google-maps for å finne reiselengd og køyretid

Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Tilknyting til skular i nærområdet	Nærskulen er Vangen- og Gullfjordungen skule
Tilknyting til andre tenester	Vossevangen er nærmest sentrum
Bustad og næring	Ligg i tettbygd område, med blokker og einebustader.



Eit utdrag av tilbakemelding frå foreldre og tilsette

Det pedagogiske og organisatoriske tilbodet

Dette er med nøgde med

- Trygge og gode tilsett med genuin interesse for barna.
- Personalgruppe med kompetente tilsette og god pedagogdekning
- Samarbeid heim barnehage og god informasjonsflyt blant anna gjennom månadsbrev.
- Har ein raud tråd gjennom aktivitetane. Gjevar variasjon og er føreseieleg.
- Eiga språkgruppe i barnehagen
- Me er flinke til å hjelpe til kvarandre og til å nytte ressursane me har på en god måte.

Forbetningsområde

- Manglar solskjerming
- Betre matutval, og unngå ultraprosessert mat.
- Ynskjer informasjon om endringar i personale
- Opplæring av vikarar, sikre at dei kjenner avdelinga sine rutinar.

Kva er viktigast for dykk som føresett når det gjeld kvardagen til borna i barnehagen?

- At barnet har det bra, kjenner seg sett får leike og lære.
- Føreseielege rutinar, nok- og kjente vaksne.

Kva betyr det for dykk at det finst ein barnehage i nærmiljøet?

- Kjennskap til barn og vaksne i nærmiljøet og at ein kjenner nokon andre ein skal byrje på skulen med.
- Positivt å kunne gå eller sykle til barnehagen. Nærheit er viktig i høve kvardagslogistikken.

FAU om fordeler og ulemper ved strukturendring

Fordalar	Ulempar
<ul style="list-style-type: none">• Positivt om det kan gjere kvardagen til dei tilsette meir stabil og at det vert mindre sjukefråvær• Dersom det vert fleire tilsette på jobb.• Sjølv om Klausabakken er ein stor barnehage opplev me at avdelingane klarer å skape tryggleik, samhald og at borna kan velgje å leike med barn frå andre avdelingar, til dømes når det er frileik ute.	<ul style="list-style-type: none">• Uroa for at det vert fleire store barnehagar.• Nasjonale rapportar peika på at sjølv om store barnehagar kan ha meir fleksibilitet og unngå vikarbruk, så er sjukefråværet og turnover høgare. Dette betyr lågare kvalitet.• Rapportar viser at tilsette trivs betre og vert verande lenger i dei mindre barnehagane.• Større barnegrupper kan gje meir stress barn og tilsette.• Det er viktig at eventuelle endringar i barnehagestruktur ikkje medfører at



	barnehagen vert prega av "stordrift" der kvart enkelt individ kan bli oversett
--	--

FAU om uro ved endring av barnehagestrukturen og deira viktigast bodskap

FAU i Klausabakken er bekymra for utviklinga i barnehagesektoren. Det er færre som søker seg til utdanninga, og mange som vert utbrent på ulikt vis. Barnehagelærar er ei av yrkesgruppene som strevar mest med emosjonelt stress, og tilsette har blant det høgaste sjukefråværet i landet. Det er kritisk om det økonomiske presset i heradet vil gå utover kvaliteten og berekraft til barnehagen, og vidare at det går ut over borna våre.

Innspela frå FAU, i sin heilskap finn du som vedlegg til den politiske saka.